

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 03.07.2013
Sakhandsamar: **Terje Arne Krokvik**
Saka gjeld: **Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT AS**

Arkivsak
2013/445
Styresak 089/13 B

Styremøte 03.09. 2013

Forslag til vedtak

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 56 mill. til totalt kr 579 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytte seg til investeringane

Fakta

Styret i Helse Vest behandla i møte den 10/04-2013 sak nr. 041/13 B Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. *Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 50 mill. til totalt kr 523 mill.*
2. *Dei økonomiske vilkåra skal være i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto*
3. *Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytter seg til investeringane.*

Kommentarar

Helse Vest IKT har allereie nytta kr 518 mill. av låneramme og det har i tillegg vore naudsynt å overføre kr 10 mill. i a-konto frå RHFet til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt. Denne a-konto utbetalinga må dekkast innafor ny låneramme.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at dei har behov for å få auke langsiktig låneramme med kr 56 mill. Det blir her vist til styret i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 034/13 B:

“Styret bad om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 62/12 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2013, utarbeider og oversender til Helse Vest RHF søknad om lån på 56 mill. kr. i tråd med det som vart lagt fram i budsjettsaka”

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere kr 579 mill. Likviditetsbehovet oppstår som følgje av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka. Dersom IKT aktivitetane ikkje hadde vore organisert under Helse Vest IKT AS, hadde utbetalingane blitt føretatt direkte i helseføretaka, og det er desse som då hadde fått tilsvarende høgare belastning på driftskredittramma.

Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Habilitetsvurdering

Administrerande direktør i Helse Vest RHF er styreleiar i Helse Vest IKT AS. Det at ein og same person innehar begge desse rollane inneber ikkje i seg sjølv at det oppstår nokon form for habilitetskonflikt for administrerande direktør når Helse Vest RHF skal behandla ei sak som gjeld Helse Vest IKT AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Inhabilitet må eventuelt bli konstatert ut frå ein konkret vurdering der vurderingstemaet er om det i den aktuelle saka ligg føre omstende som er eigna til å svekke tilliten til administrerande direktør sin upartiskheit.

Helse Vest IKT AS er resultat av val av strategisk retning med omsyn til korleis IKT-tenesta i regionen best kan organiserast. Eigarrepresentasjon i selskapet er ein sentral del av styringa, og det er da i liten grad rom for inhabilitetssynspunkt i forholdet mellom disse verksemdene med mindre det i den enkelte sak konkret kan peikast på ein interessekonflikt mellom selskapa og ein konflikt av meir personlig karakter for vedkommande styremedlem. Ein slik situasjon ligg ikkje føre i denne saka.